

Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7681 - 20/50911

Saksbehandlar:  
Lennart Falkenberg-Arell  
lennart.falkenberg-  
arell@alver.kommune.no

Dato:  
19.08.2020

## Avvising av planinitiativ - Gbnr 502/2 Valdersnes

### Om førespurnad til oppstart av planinitiativ

Vi viser til innsendte førespurnad om regulering av området ved Valdersnes, gbnr. 502/2.

### Planinitiativ kan ikkje igangsettjast

Kommunen har vurdert førespurnaden og finn ikkje å kunne tilrå igangsetjing av privat reguleringsarbeid av det nemnde området.

Dette skuldast i hovudsak at planinitiativet er i strid med overordna plan. I kommunedelplan (KDP) for Radøy 2011-2023, delrevisjon 2019 ligg eigedomen på land regulert under LNFR, areal for naudsynte tiltak for landbruk og reindrift og gardsknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag. Areal i sjø knytt til eigedomen er regulert under arealformål for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. KDP føresegn 3.4.1 og 3.5.1 er knytt til dei overnemnde arealformål, og ønska tiltak er i strid med arealformål og gjeldande føresegner.

Kommunen er ikkje positiv til flytting av nausteformål og areal avsett i sjø for småbåthamn, då delar av område allereie er bebygd. Kommunen vurderer at foreslått planfagleg grep ikkje er formålstenleg når det vil medføra at eksisterande tiltak ikkje lengre vill vera oppført i tråd med overordna plan.

Planinitiativet inneheld heller ikkje ei vurdering av KU-forskrifta §§ 8, 9 og 10. Det er ikkje tilstrekkeleg og berre vurderer innhald i planinitiativet etter § 6. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har utforma ein rettleiar for korleis og kva vurderingar forslagsstillar er pliktig til å gjera, sjå vedlegg 1.

Planinitiativet er ikkje utforma i tråd med Alver kommune sin mal for planinitiativ, sjå vedlegg 2.

Planinitiativet inneheld vesentlege feil og manglar. Ønsker tiltakshavar og nytta seg av retten til å få planinitiativet førelagt for kommunestyret må planinitiativet reviderast i tråd med planforskrifta, KU-forskrifta og Alver kommune sin mal for planinitiativ.

### **Andre merknadar til planinitiativet**

På side 9 under tema om forholdet til overordna planar og retningslinjer, skriver forslagsstillar at planinitiativet er i tråd med mål og strategiar angitt i KDP for Radøy sin samfunnsdel. Det er feil. Viss område hadde vore regulert for naust og småbåthamn i overordna plan, ville ei slik argumentasjon vore ein naturleg del av vurderingsgrunnlaget.

På side 10-11 trekk forslagsstillar fram føringar frå KDP Radøy om «fleirbruksområde i sjø, jf. Pkt. 3.5», dette føresegni eksistera ikkje i KDP for Radøy 2011- 2023, delrevisjon 2019. Område er heller ikkje i overordna plan regulert for dette.

I neste avsnitt viser forslagsstillar til parkeringskrav frå KDP for småbåthamner. Det er uklart kva vurderingar forslagsstillar meiner at kommunen skal gjera ut i frå den setninga.

På side 13 under verknadar av planinitiativet om naturmangfald skriv forslagsstillar at «en eventuell fjerning av dagens situasjon må også vurderes opp mot konsekvenser – mulig dette har større negativ innvirkning.». Den vurderinga må forslagsstillar sjølv gjera.

På side 15 under konsekvensutredning skriv forslagsstillar at «det er diskutert tidligere muligheter for å flytte deler av dette arealet over til ønsket område.». Forslagsstillar viser ikkje konkret til nokon politiske vedtak eller uttalar frå administrasjonen som skildrar moglegheita for flytting av arealformål.

### **Kva skjer vidare?**

Avgjerda kan ikkje påklagast, men forslagsstillar kan krevje å få lagt fram planinitiativet til kommunestyret for endeleg handsaming.

### **Lovgrunnlag**

Kommunen sitt frie skjønn til å stanse eit planinitiativ er heimla i plan- og bygningslova § 12-8 og ved forskrift jf. § 4.

### **De kan få innsyn i saksdokument**

De har rett til innsyn i saksdokument og kan følgje saka på nettsidene våre under [innsyn i saker](#)

### **Har de spørsmål?**

Har de fleire spørsmål i høve til dette er de velkomne til å ta kontakt med planavdelinga. [Lennart.falkenberg-arell@alver.kommune.no](mailto:Lennart.falkenberg-arell@alver.kommune.no)

Er det ønskeleg at kommunen skal revurdere arealbruk for området har ein adgang til å sende inn innspel ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

- 1.KU\_rettleiar
- 2.MAL Planinitiativ\_1.1.2020

**Mottakarar:**  
Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE  
N